



Planutvalet

Dato

LEIKANGER, 21.09.2015

Regional strategisk plan for kysten - Planprogram

1. Innhold i arbeidsdokumentet

- Bakgrunn for arbeidet
- Føremål med planarbeidet og mål for planen
- Tema til drøfting/utgåing i planen
- Prosess – medverknad, organisering og framdrift

2. Bakgrunn for arbeidet

Vedtak i Fylkestinget i sak 20/13:

1. Fylkestinget ser behov for å etablere ein strategisk plan for kysten og ber fylkesrådmannen gjennomføre ein ny prosess med kystkommunane for å kome fram med eit framlegg til korleis ein kan starte opp eit slikt planarbeid i denne planperioden.

Det er gjennomført møte og korrespondanse med kommunane for å avklare behov knytt til planlegging på kysten. Det vart og drøfta kva for type plan det er behov for:

- Interkommunal plan som dekker to eller fleire kommunar med felles bindande arealplanar
- Regional plan for heile kystområdet (alle kommunane) med planføresegn og retningslinjer for kommunal arealplanlegging i sjø og kystområda
- Strategisk regional tematisk «utviklingsplan» for kysten (alle 9 kommunane)

Tilbakemeldingane er samstemte om at det er behov for ein strategisk regional utviklingsplan for kysten (kystplanen), som grunnlag for mellom anna meir konkret arealplanlegging og forvaltning.

Eit anna bakteppe for planarbeidet er at fylket og kommunane no er inne i starten av ein ny runde med planstrategiar. Samstundes er kommunane inne i tunge prosesser knytt til framtidig struktur. At kommunestrukturprosessen går samtidig, gjer at kommunane oppfattar at vi no er i ein slags «mellomfase».

Det er ei stor utfordring at det er fleire strategiprosesser hjå kommunane og fylkeskommunen samstundes. I arbeidet med kystplanen ligg dei ei forventning om at det vert etablert prosesser som gjer at vi kan sjå koplingane til dei andre strategiprosessane. Dette gjeld særleg i utforming av kunnskapsgrunnlag og analyser.

Det faglege samarbeidet mellom kommunane Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje, fylkeskommunen og havbruksnæringa har resultert i eit prosjekt: *Marine Grunnkart*. Dette prosjektet er ikkje ein del av arbeidet med ein strategisk plan for kysten, men kan danne noko av kunnskapsgrunnlaget for strategiske val dei nemnde kommunane skal gjere framover.

Formålet med arbeidsdokumentet er å gje retning for utarbeiding av planprogram for kystplanen.

Tilråding

Planutvalet tek informasjonen til vitande



3. Avgrensing, føremål med planarbeidet og mål for planen

Avgrensing

Planen skal omfatte kystkommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje.

Planen skal vere strategisk og i liten grad røre ved konkret arealbruksoppskriftsmål, eller lokalisering. Planen skal heller konkretisere behov og ynskje om utvikling i ulike deler av det geografiske området avgrensa av dei 9 kommunane.

Planen skal støtte seg på og vere eit supplement til vedtekne regionale planar som Transportplanen, Verdiskapingsplanen, Fysisk aktivitet, vindkraft, vasskraft m. fl. og overordna vedtak (bl.a. om prioritering av Kystvegen). Nasjonale føringer for regional planlegging og ulike nasjonale strategidokument innanfor einskildområde, vil være viktige for å knytte arbeidet opp til dei nasjonale behova for utvikling i området.

Føremål med planarbeidet og mål for planen

Føremålet med planarbeidet er å etablere ein dialog mellom kommunane og andre sentrale aktørar i området, for å meisle ut felles forståing for potensiale for utvikling av kysten, og meisle ut konkrete strategiar og mål for den vidare utviklinga i området.

Ut over det generelle føremålet er det planarbeidet som skal utvikle sameina mål for samfunnsutviklinga, på viktige område. Kommunane er einige om at dei har behov for at regionen og kommunane saman kan skape felles strategiar og felles mål for samfunnsutviklinga på kysten i neste 10-års periode. Det er samtidig behov for å konkretisere kva ein vil med planarbeidet, ut over eit slikt generelt ynskje. Konkretisering av føremål med planarbeidet vil gje betre retning og ein meir målretta diskusjon.

Som grunnlag for meir konkrete drøftingar av kva vi vil med planen gjennom høyring av planprogrammet, har vi formulert følgjande føremål og mål med planarbeidet:

1. Styrke samarbeidet og samhandlinga om eit langsiktig og systematisk utviklingsarbeid på kysten. Planarbeidet skal være ein arena for dialog og samhandling.
2. Bidra til heilskapleg regional utvikling og gjere den vidare planlegginga og gjennomføringa meir forpliktande og målretta. Gjennom ein felles dialog skal ein legge ei plattform som forenklar planprosessane og bidrar til meir samordna og heilskapleg utvikling i regionen.
3. Peike ut tydelege strategiske val for utviklinga i regionen, for å utvikle attraktive lokal-samfunn og sterke bu- og arbeidsområde.
4. Styrke busetnad og verdiskaping langs heile kysten.
5. Synleggjere ressursar og kvalitetar for å drive eit aktivt og innovativt utviklingsarbeid i regionen. Her og synleggjere viktige utviklingstrekk og vurdere kva som er mogleg på lang sikt, og kva som er drivarane for utvikling.
6. Synleggjere kva for verdiskaping kysten kan bidra med og kva for hindringar og føresetnadar som må ligge til grunn for at dette kan skje.
7. Synleggjere behov for ulike type planar og tiltak for å følgje opp strategiane. Synleggjere kva kystkommunane bør og kan samarbeide om.
8. Bidra til å bygge opp ein felles kunnskapsbase for utviklingsarbeidet i regionen.

Tilråding

Planutvalet sluttar seg til at det gjennom handsaming av planprogrammet vert konkretisert tydelegare mål for planarbeidet, avgrensing av arbeidet og konkretisert meir spesifikke behov hjå dei einskilde kommunane.

Planutvalet ber og om at planprosessen tek omsyn til anna strategisk planarbeid og - saman med kommunane - finn fram til prosessar som kan gje gjensidige synergier.

4. Tema til drøfting/utgreiing i planen

Planprogrammet skal konkretisere tema for utgreiingar og vurderingar, og i størst mogleg grad konkretisere viktige spørsmål og problemstillingar innanfor dei einskilde tema. Forenkla:

- Planprogrammet skal stille dei gode spørsmåla
- Planarbeidet skal svare på spørsmåla.

I og med at det i samtalar med kommunane ikkje er gjort ei avgrensing av problemstillinar, har vi gjort framlegg om eit relativt bredt spekter av tema. Det er og utarbeidd nokre generelle problemstillingar i form av spørsmål. Gjennom høyring av planprogrammet vil vi invitere kommunane til å utforme eigne problemstillingar og spørsmål dei meiner det er viktig å drøfte innafor einskilde tema. Vi meiner og at det er viktig at arbeidet med planprogrammet sokjer å avgrense tal tema for å målrette prosessen mest mogleg.

Det er i gang også andre viktige prosessar for å utvikle kysten. Arbeidet med kystvegen er eit døme på dette. Planen må ta opp i seg viktig element i høve slike prosessar.

Tema

Bu og leve på kysten

- Kva for kvalitetar har kysten som bør vidareutviklast for å styrke levekåra og folkehelsa?
- Kva for ressursar representerer kysten som ein føremon for auka busetnad i regionen?
- Kva for samfunnsstrukturar og offentlege funksjonar/tenester er det særleg behov for å bygge opp for å vidareutvikle lokalsamfunna?
- Kva er dei viktige elementa i kulturen og historia som kan gje grunnlag for vidare vekst og utvikling?

Kystnæringane

- Kva for særskilte unytta verdiskapingspotensial ligg på kysten?
- Korleis kan kysten bidra til å realisere måla og strategiane i verdiskapingsplanen?
- Kva for særlege posisjonar har kysten potensiale til å ta?
- Kva for rolle kan kysten spele i ulike verdikjeder?
- Kva for særlege føresetnadar har kysten i å møte fylket og landet sine mål om auka matproduksjon?
- Kva for støttefunksjonar treng kysten frå andre, for å utnytte eige potensial?

Samferdsle/kommunikasjon

- Kva behov har kysten for effektive kommunikasjonar (land, sjø, luft og nett)?
- Kva for rolle spelar kystvegen i ein samla strategi for effektiv kommunikasjon?
- Kva for effektar og meirverdi er det særleg viktig at samferdslesystema bidrar med?
- Kva for hindringar knytt til samferdsle/kommunikasjon må vi overvinne for å kunne løyse ut definerte utviklingspotensiale?

Natur-, miljø og klima

- Kva for naturressursar og kvalitetar har vi som grunnlag for framtidig samfunnsutvikling og verdiskaping?
- Kva er dei viktige behova og utfordringane vi møter i framtida, som desse kvalitetane kan vere med å møte?
- Korleis kan kysten bidra til å møte utfordringane for omstilling av samfunnet grunna klimautfordringane?

Tilråding

Planutvalet sluttar seg til at nemnde tema og problemstillingar vert nyttar som grunnlag for utarbeiding av eit planprogram. I tillegg ber Planutvalet om at følgjande problemstillingar vert med:

Planutvalet ber og om at det ved utsending av planprogram på høyring vert presistert at kommunane må kome med konkrete tilbakemeldingar på avgrensingar og prioriteringar.

5. Prosess – medverknad, organisering og framdrift

Vurderingar av prosessen

Hovudkriteriet for om vi lukkast med ein regional strategisk plan for kysten, er om vi klarar å forankre planarbeidet internt i fylkeskommunen og i dei einskilde kystkommunane. I tillegg er det viktig å ha god forståing og forankring hjå andre regionale aktørar, sentrale delar av næringslivet og viktige organisasjonar. Her kan vi også dra nytte av å köyre rasjonelle og parallelle prosessar med anna strategisk arbeid og å bygge vidare på gjeldande planverk, t.d. Verdiskapingsplanen.

Om strategiane skal sjå på samfunnsutviklinga på kysten i ein heilskap og vere ein overordna regional strategi, kva for framdrift treng vi då, og korleis bør vi organisere og finansiere arbeidet? Dette er spørsmål vi må setje på dagsorden i prosessen med aktørane. For å få dette til er det viktig å bruke tid til å forankre forståinga for kva vi vil med planarbeidet. Kvifor vil vi lage ein strategisk kystplan? Kva skal vi bruke den til? Kva for behov og utfordringar skal den bidra til å

møte? Vi vil difor nytte oss av arbeidsmøte på valde tema for å sikre brei drøfting og utvikling av felles forståing. I tillegg må det setjast av tid og ressursar til å hente inn kunnskap der ein ser at dette manglar.

Organisering/finansiering

Gjennomføring av planarbeidet må skje i eit tett og forpliktande samarbeid mellom aktørane både med omsyn til økonomiske og faglege ressursar. I arbeidet med planprogrammet må vi difor få fram forventa ressursbruk og legge ein konkret finansieringsplan for det vidare arbeidet.

For å drive arbeidet fram foreslår vi at det vert etablert ei mindre arbeidsgruppe på 3 – 4 personar. Det er viktig at denne gruppa får naudsynt mandat til å planlegge og gjennomføre prosessane. Arbeidsgruppa rapporterer til ei styringsgruppe, med ein representant for kvar kommune og fylkeskommunen. Fylkeskommunen er planeigar og planansvarleg.

Etablering av referansegruppe(r) der ulike interessegrupper og samarbeidsaktørar kan delta, bør vere ein del av drøftingane undervegs, slik at ein ikkje opprettar fleire grupper og ein større organisasjon enn naudsynt. Vi føreset at dei einskilde kommunane som deltek etablerer eigne interne informasjons- og forankringsprosessar for å støtte opp under fellesprosessen.

Ressursar og prioritering av sjølve planarbeidet bør inn som ein del av dei samla plandiskusjonane som vert gjort i handsaminga av regional planstrategi og i kommunane sitt arbeid med kommunale planstrategiar.

Framdrift

Framdriftsplanen viser dei formelle milepelane knytt til planarbeidet.

Tid/Dato	Kva	Merknad
30.09.15	Planutvalet	Drøfte rammene for planprogram
04.11.15	FU	Legge planprogram ut på høyring
Januar 2016	FU	Vedta planprogram
April 2016	FU	Vedta opplegg og finansiering for planarbeidet. Handsame arbeidet parallelt med vedtak av regional planstrategi
Okt./des.-16	FT/kommunane	Handsame ferdig plan

Tilråding

Planutvalet sluttar seg til milepelane i framdriftsplanen, med endeleg vedtak av kystplanen ultimo desember 2016.

Planutvalet sluttar seg til at opplegget for sjølve planarbeidet vert handsama som del av regional planstrategi, våren 2016, for å dimensjonere arbeidet i høve den samla vurderinga av planlegging i perioden.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑